



Til  
Kulturdepartementet  
Kirkeavdelingen  
postmottak@kud.dep.no

Dykkar ref:

Vår ref:  
IV/

Arkiv nr:

Dato:

28. oktober 2014

### **STATEN OG DEN NORSKE KYRKJE – ET TYDELIG SKILLE**

Eidfjord sokneråd gjev følgjande uttale til NOU «Staten og den norske kirke – et tydelig skille»:

1. Skilje mellom stat og kyrkje er på god gang. Dette høyringsnotatet representerer eit viktig steg i rett retning. Kyrkja vert eige rettssubjekt, og banda til staten losnar. Slik må det vera. Prosessen tek tid, det er ikkje til å unngå. Me ynskjer likevel å gje uttrykk for at det er viktig at det vert halde trykk på prosessen, slik at han ikkje stansar opp.
2. Høyringsnotatet legg til grunn at soknet framleis skal vera sjølvstendig når kyrkja vert etablert som eit nytt rettssubjekt. Dette er me samde i. Det lokale eigarskapet til kyrkja er overmåte viktig. Soknet sin stilling vis a vis overordna kyrkjelege strukturar må ikkje svekkjast.
3. Me er glad for at høyringsnotatet så tydeleg slår fast at «kommunenes finansieringsansvar overfor kirken foreslås ført videre». Dette er i tråd med kyrkelova §15, som i dag er den økonomiske berejelken i for den lokale kyrkja. Også når me går inn i ei tid med endring av kommunegrenser, er det viktig at dette prinsippet vert slege fast.
4. Arbeidsgjevaransvar for prestar og tilsette i bispedømeråda og Kyrkjemøtet er foreslått overført til ei midlertidig ordning der Kyrkjemøtet vert øvste arbeidsgjevarinstans. Denne ordninga bør vidareførast permanent. Det er i dag sterkt motstridande meiningar i kyrkja om korleis eitt felles arbeidsgjevaransvar skal organiserast, og me trur ikkje kyrkja bør satse på ei løysing som ikkje har brei forankring. Kyrkja har heller ikkje råd til ein ny langvarig debatt med steile frontar. Me trur utfordringa best kan løysast ved å oppretthalda den midlertidige ordninga som no vert innført. Prestane vil få forankring i Kyrkjemøtet, ei ordning me forventar Presteforeininga vil gå inn for. Kyrkjeleg tilsette vil som i dag vere tilsett av fellesrådet, då innanfor den nye kommunestrukturen som kjem,



## DEN NORSKE KYRKJE

### Eidfjord sokneråd

med kyrkjeverjene som leiarar. Dette vil også sikre nærleik mellom lokalkyrkja og kommunane, noko som er viktig med tanke på kyrkja sitt økonomiske fundament.

5. Me opplever at prestestillingar vert flytta frå distrikta, trass høgt arbeidspress for prestane der, for å gje auke i stillingar til område med stor vekst i folketalet. Tilskot til trusopplæring er redusert til stader som hadde prosjekt tidlegare for at alle sokn skal få noko midlar. Dersom ein tilsvarande skulle jamna ut tilskota til dei som har hatt delvis statleg finansiering av diakonstilling ville dei få som har diakon få problem. Me reknar difor med at det er trong for ei viss opptrapping av statleg tilskot til arbeid i kyrkjelydane. Det er viktig at kyrkjerådet og bispedømeråda får dekkja fullt ut kostnadane som reforma fører til. Dei noverande oppgåvene vil vera der uansett fordeling av arbeidet mellom kyrkjerådet og bispedømeråda, difor er det neppe realistisk å spare stillingar andre stader enn i departementet, som får færre oppgåver.

Dersom ein ikkje får full dekning av utgifter til nye oppgåver td IKT, økonomiforvaltning, personalforvaltning, forsikring og pensjonsutgifter, fryktar me at ressursane vert teke frå kyrkjelydsarbeidet så det vert færre kyrkjelydsprestar og mindre tilskot til arbeid i kyrkjelydane.

6. Opplysningsvesenets fond bør definitivt fylgja med over til kyrkja når denne vert eige rettssubjekt, noko anna ville vera heilt uakseptabelt.

7. For øvrig undrar det oss at ikkje desse høyringsnotata også finst på nynorsk.

Venleg helsing  
Eidfjord sokneråd

Irene Viveli  
Kyrkjeverje/dagleg leiar